



Karstein Rød
Blindheimsvegen 73
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/31 - 23/17770

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
03.03.2023

Ferdigattest - gbnr 15/11 Rød

Administrativt vedtak: Saknr: 245/23
Tiltakshavar: Karstein Rød
Ansvarleg søkjar: Reknes Byggjevarer LI
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg på gbnr 15/11. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.04.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest motteken 28.02.2023.

Skildring

Adresse:	Stranda 565
Bygningstiltak:	Tilbygg
Bygningsnummer:	176297506
Bruksareal:	32,2 m ²
Avlaup:	uendra
Vatn:	uendra

Tal på røykløp:	uendra
-----------------	--------

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisas spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/31

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Karstein Rød

Blindheimsvege 5131
n 73

NYBORG

Reknes Byggjeverar LI

Masfjordvegen 5986
187

HOSTELAND